



Stadutvikling Gol tettstad

MED VEKT PÅ SYKKEL OG MØTEPLASSAR I GOL SENTRUM



PROSJEKTPLAN

Innhold

1. Prosjektorganisering.....	2
1.1 Prosjekteigar.....	2
1.2 Prosjektorganisering.....	2
2. Mål og bakgrunn for prosjektet	2
2.1 Kommuneplanens samfunnsdel	2
2.2 Bakgrunn for stadutviklingsprosjektet	2
2.3 Overordna arealplanar for området.....	3
3. Prosjektfaser.....	3
3.1 Idestudie	3
3.2 Fase 1 - Videreutvikling av idestudie.....	3
3.2.1 Politisk forankring og behandling.....	3
3.2.2 Involvering og medverknad.....	3
3.2.3 Prioritering av tiltak med finansiering.....	4
3.3 Fase 2 – Fysisk gjennomføring av tiltak.....	4
3.3.1 Tiltak og gjennomføring	4
3.4 Tidsplan	4
3.5 Vedlegg.....	4
3.5.1 Idestudie	4

1. Prosjektorganisering

1.1 Prosjekteigar

Gol kommune v/formannskapet

1.2 Prosjektorganisering

- Styringsgruppe:** Utval for natur og næring
- Prosjektleiar:** Jørn Magne Forland, Gol kommune
- Prosjektgruppe:** Representant frå kommunalteknisk avdeling, Utbyggingsavdeling, kulturavdelinga og næringslivet.
- Referansegrupper:** Ungdomsråd, Råfu og administrativt planforum (omfattar også folkehelsekoordinator og barnerepresentant). Prosjektgruppa oppretter eventuelt andre referansegrupper etter behov.
- Buskerud fylkeskommune er ein viktig rådgjevar og partner i planprosessane.

2. Mål og bakgrunn for prosjektet

2.1 Kommuneplanens samfunnsdel

Prosjektet er forankra i kommuneplanens samfunnsdel vedtatt i 2018, mål og strategiar:

Gol sin plassering regionalt og nasjonalt:

- Gol sentrum skal ha bykvalitetar med møteplassar og bilfrie soner
- Gol tettstad skal ha gode og tydelige gangaksar som knyter bustadområda saman med skule, sentrum og jernbanestasjon

Næring og arbeidsplassar:

- Teknisk infrastruktur skal brukast som bidrag til etablering og vekst

Folkehelse:

- Skape gode sosiale møteplassar

2.2 Bakgrunn for stadutviklingsprosjektet

I kommuneplanens samfunnsdel er det fokus på 4 hovudutfordringar fram mot 2013. Folketalsutvikling, fokehelse, miljø, klima og samfunnstryggleik og samferdsel og tettstadsutvikling. Stadutviklingsprosjektet Gol tettstad vil bidra til positiv utvikling på alle desse områda.

I regi av Buskerud fylkeskommune (Bfk) vart Gol kommune i 2017 utpekt til å delta i TØI sitt nasjonale prosjekt for «bygdepakker». Prosjektet vart ikkje etablert som følge av manglande forskningsmidlar. Som ei oppfølging av dette inviterte Bfk kommunen til å søke om midlar til tettstadutvikling. Dette har resultert i at kommunen i 2018 har fått tilsagn om kr 200.000 til prosjekt «stadutvikling Gol tettstad» med vekt på tilrettelegging for meir sykkelbruk og gode møteplassar i Gol sentrum. Det vart oppretta ei arbeidsgruppe med representasjon frå kommuneadministrasjonen og Buskerud fylkeskommune. Arbeidsgruppa har arbeida fram eit idegrunnlag for vidare arbeid med prosjektet.

2.3 Overordna arealplanar for området

- Gol sentrum vest, områdereguleringsplan sak K53/12 den 26.06.12.
- Kommunedelplan Gol tettstad vedtatt sak K49/06. Planen er under revidering.

3. Prosjektfaser

3.1 Idestudie

Arbeidsgruppa engasjerte Asplan Viak Ål v/Marianne Laa til å utarbeide ei idestudie for eit konkret område av Gol sentrum. Prosjektgruppa har definert omfanget og definisjon av området som er utgangspunktet for studien. Hensikten med arbeidet var å få fram eit idegrunnlag som kan brukast i vidare i fase 1 med konkretisering av innhald og omfang av prosjektet. Resultatet av studien er vedlagt prosjektplanen. Det blir i sin heilheit vist til rapporten frå Asplan Viak. Visit Gol A/S og Ungdomsrådet har også vore involvert i dette arbeidet.

3.2 Fase 1 - Videreutvikling av idestudie

3.2.1 Politisk forankring og behandling

Prosjektet må ha politisk forankring. Slik forankring må skje i innleiinga av fase 1 i prosjektet. Forankringa vil gje prosjektgruppa mandat til å arbeide vidare med prosjektet og ein projektrapport med forslag til løysingar og tiltak. Vidare må økonomiske og finansielle avklaringar døftast som del av det ordinære budsjettarbeidet i kommunen.

Prosjektfase 1 er analyse- og utredningsfasen. Dette skal danne grunnlag for beslutningar om val av løysingar og tiltak.

3.2.2 Involvering og medverknad

Styringsgruppa og prosjektgruppa tek stilling til omfang av involvering og medverknad undervegs i prosjektarbeidet. Det er naturleg at utviklinga av Gol skystasjon er ein del av dette arbeidet.

3.2.3 Prioritering av tiltak med finansiering

Når tiltak er bestemt, går prosjektet over i ein prosess med detaljprosjektering. Detaljprosjekteringa vil danne grunnlag for kostnads kalkyler og finansiering.

Finansiering av prosjektet vil kunne skje gjennom infrastrukturfond Gol sentrum, ulike tilskotsordningar og eventuelle kommunale og fylkeskommunale midlar.

Prosjektgruppa må utarbeide budsjett for sitt arbeid i fase 1. Rest av bevilga midlar frå Bfk på kr 200.000 inngår som del av budsjettet. Midlar utover dette må eventuelt løyvast særskilt. Kommunen vil også bidra vesentlig med ressursar i form av arbeidstimar i prosjektet.

3.3 Fase 2 – Fysisk gjennomføring av tiltak

3.3.1 Tiltak og gjennomføring

Prosjektfase 1 vil danne grunnlag for prioritering og gjennomføring av tiltak.

3.4 Tidsplan

I prosjektfase 1 vil det bli utarbeida ein framdriftsplan/milepelsplan for prosjektet. Tidsplanen vil måtte ta omsyn til politisk behandling og vedtak samt økonomiske og finansielle avklaringar. Estimert tidsakse:

Idestudie: Mars 2018- januar 2019 (ferdig)

Fase 1 Planarbeid, utredning/analyser, prosjektering og prioritering av tiltak: 2019- medio 2020.

Fase 2 Gjennomføring av prioriterte tiltak: 2021-2022

3.5 Vedlegg

3.5.1 Idestudie

Idestudie utarbeida av Asplan Viak på vegne av arbeidsgruppa